

## LOKALITETAR PÅ ÅSPRONG

På den foreløbige lista over prioriterte byggestader for daganlegg var Åsprong plassert på tredje plass, Hyttnes på femte og Klevset på sjette plass. For fjellanlegg var Åsprong rangert som nummer fem, Solem som nummer seks, Hyttnes og Klevset som åtte og ni.

Det var meininga at dei prioriterte byggestadane skulle bli undersøkt nærare slik at NVE til slutt skulle legge fram ei totalvurdering. Dette arbeidet vart i alle fall avslutta før det vart ferdig.

På Åsprong var det meininga å hente kjølevatnet gjennom ein 1,5 km lang tunell frå Meisingsetvågen og sende det oppvarma vatnet gjennom ein 6,5 km lang tunell til eit overflateutslepp i Sundalsfjorden. Ferskvatnet var det meininga å hente frå Hanemsvatnet.

